

Referat FAU 11.09.23

Personalrom Vinjar skule

Til stades: Kjersti Moe 6. kl, Juliane Steine 7. kl, Helge S. Lauvsnes 2. kl, Siri Handeland 2. kl, Siri Aadnøy 5. kl, Geir Bjarte Hoftun 1.kl, Jon Bråtvæit 4. kl, Tore Vik 5. kl, Iselin Øigjord 1. kl, Ole Martin Eikeland 7. kl, Anne Ronold 3. kl, Anita B. Vik 4. kl.

Ikkje til stades: Håvard Vaage 3. kl og Tommy Bevren-Hansen 6. kl

Sak 1 2023/24: Konstituering av FAU

Leiar: Kjersti Moe, møter i SMU/SU/KFAU

Nestleiar: Ole Martin Eikeland, møter i SMU/SU/KFAU

Kasserar: Geir Bjarte Hoftun

Skrivar: Jon Bråtvæit

Ekstra representant SU: Anne Ronold

Sak 2 2023/24: Velkommen i FAU

Kjersti orienterer om vår rolle/jobb i FAU og kva saker FAU jobba med i fjar.

- Saker i fjar:

- Undersøking om lekser i skulen. FAU skulle sjå nærare på saka. Oppsummert: Føresette kan ikkje bestemma, det er kvar enkelt skule med rektor i spissen som bestemmer dette. Skulen jobba med lekser i personalgruppa, korleis, kvifor, kva type, mengd. Skulen ønskjer ikkje at Vinjar skule skal vera leksefri. Leksefri skule kan godt ha heimearbeid. Leksemedviten skule var det som skulen landa på. Opplever heimen lekser som problematisk, så skal ein ta kontakt med lærar, og skulen vil då ta omsyn. Dette blir ei sak i Suldalsposten. Foreldrekontaktar informerer om dette på foreldremøte saman med kontaktlærar.
 - Aktivitetskveldar og Ope hus mellomtrinn.
 - Var med på ekstern vurdering av skulen.
 - Kommunalt KFAU: Utfordringar i Suldalsskulen og «Framtidas oppvekst».
 - Foreldremøtesamarbeid «Trygt og godt skolemiljø».
 - Lys på parkeringsplass.
 - Kaker og kaffi.

Sak 3 2023/24: Rektor informerer

Hege Hiim Steine møter for rektor. Laila Røkenes har siste arbeidsdag 20. september. Ingen informasjon om kva som skjer når rektor går av. Kommunalsjefen jobbar med ei løysing.

11 lærarar, der ein er ny. 4 fagarbeidarar, tre nye. Ein lærling, ein overgangsressurs første halvår. Ingen som har vidareutdanning i år. Bemanninga på skulen er som den skal vera, sett bort frå rektor.

Fokusområde: Trivselsaktivitet ein gong i månaden. Trivselsleiarar går i gong nå. Sanitetten lagar lunsj. 7. kl. lagar graut.

Ringerunde som kontaktlærar tek. Legga lista lågt for kontakt. Skulen er nøgd med denne ordninga. Vis til ungane at heimen er på lag med skulen.

Utviklingsarbeid: Lesing – kvifor har me ikkje betre resultat? Ønskjer å heva nivået. **Systematisk observasjon av lesing: SOL.**

Sosiale mål gjennom året. Helsekultur: Seia «hei» til kvarandre.

Sak 4 2023/24: Inkludering

Korleis kan FAU bidra til å fremja inkludering og eit trygt skolemiljø? Gruppearbeid. Blir drøfta på neste møte.

Sak 5 2023/24: Innkomne saker

- 1) Uønska hendingar på Osen i vår
 - Blei kontakta av Grendautvalet.
 - Klatring på tak på barnehage/skule.
 - Bhg. Opplever at det har skjedd ting i helgene.
 - Føresette på Vinjar må vera informert.
 - Må ha samtalen heime. Kva kan konsekvensar vera for seg sjølv ved uhell og for andre som får bygningar/ting øydelagt.
- 2) Mobilbruk – foreldremøte for mellomtrinnet i haust
 - Ikkje på skulen, men på fritida. SO-ME (Sosiale Media).
 - Det som skjer på fritida får følger for det som skjer på skulen. Mobbeskaker.
 - Blir foreldremøte for 4.-7. klasse med dette som tema.
- 3) Manglande fagkompetanse i praktiske i praktiske og estetiske fag på skulen

- Kroppsøving/musikk
 - Hege informerer at det er spesielt musikk det er utfordrande å finna kompetanse til. Har prøvd fleire gonger med Kulturskulen. Vanskeleg å få til eit samarbeid. Gir ikkje opp.
 - Kjersti har hatt samtalar både med rektor på Vinjar skule og rektor på Kulturskulen.
 - Ønskjer å løfta saka til KFAU/levekår/oppvekst.
 - Kan distriktsmusikkarar inn i skulen, saman med pedagog?
- 4) Usunne matvarer servert på avslutningar
- FAU: Avslutningar til jul og sommar må det vera greitt med noko søtt. Dersom klassar opplever at det blir mykje elles, så tek ein det opp på foreldremøtet eller via klassekontaktane.

Sak 6 2023/24: Aktivitetskveldar og Ope Hus

Tilbod for mellomtrinnet. Om lag ein gong i månaden.

Ungane melder seg på. Ansvarlege vaktar handlar inn.

Aktiviteter og pølse i brød.

Disko – luftgevær.

Søkte om kr 8.000,- hos Sparebanken Vest til lys/musikk/koketopp + div. Fekk dette.

Mogleg å endra konseptet om ein ønskjer. Kva ønskjer Elevrådet?

Viktig at ein gir tydeleg beskjed om at ein ikkje skal bruka mobiltelefon på desse samlingane.

Er det retningslinjer for musikktekstar som ikkje passar?

Bør utarbeidast retningslinjer for kveldane slik at alle veit kva ein skal halda seg til. Geir Bjarte og Hans Olav lagar desse i forkant av neste samling.

Bok der ting blir notert, skåp på scenen med utstyr.

Planlagte aktivitetskveldar: 29.9 – 27.10 (må flyttast pga 4H) - 24.11

Sak 7 2023/24: Retningslinjer «gratisprinsippet»

Sjå vedlagte retningslinjer. Retningslinjene blei vedteke i FAU 11.09.23.

Kortversjon:

- Skal ikkje vera lister over kven som bidreg med kaffi/kaker/køyring og liknande som medfører kostnadar.
- Skal heller ikkje vera forventningspress på dette.

- Kan førast lister til arrangement som ikkje medfører kostnadars.

Sak 8 2023/24: Saker til KFAU?

- «Framtidas oppvekst» blir lagt fram for nytt levekår og kommunestyre. Kjem spørjeundersøking til føresette.

Sak 9 2023/24:

Ymse:

- Foreldremøte:
 - Klassemøte haust og fellesmøte vår. Mogleg for klassemøte vår dersom ønskjeleg.
 - Kontaktlærar kallar inn og leiar møtet. Gir ordet til foreldrekontaktane der det passar.
 - Kontaktlærar tek kontakt med foreldrekontaktane i forkant.
 - Fast innslag at kontaktlærar går ut slik at foreldre får diskutera eventuelle saker.
- Endra opplysingar i Brønnøysundregisteret. Hans Olav registrer dette.
- Neste møte: Torsdag 2. nov kl 19.00